

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - L12, HistSak - 13/518	14/167

Saknr	Utval	Type	Dato
096/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014

## Framlegg til 1. gangs handsaming reguleringsplan for Einestrand - Nordre Kvinge

### Vedlegg:

Planomtale\_Fv 570 Einestrand - Nordkvinge 02.09.2014

001

002

003

004

005

Reguleringsføresegner 02.09.2014

Plangrensekart

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Framlegg til områdeplan for Fv 570 Einestrand – Nordre Kvinge vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentleg ettersyn.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte den 30.10.2012 planstrategi for 2012 – 2016. Her vart mellom anna reguleringsplanar for utbetring av fylkesveg 570 frå Andås til Masfjordnes ferjekai teke inn. Den 12.06.2013 vedtok kommunestyret framdriftsplan over prioriterte planoppgåver, og her vart plan for fylkesveg 570 forbi Kvinge prioritert. Formannskapet vedtok den 22.10.2013, i sak 061/13 oppstart av dette planarbeidet, og i saka var sjølve planområdet vist på eige kartskisse.

Planområdet omfattar no ein korridor langs fylkesveg 570 frå Einestrand til Nordre Kvinge på ca 6.km, og skal sikra areal for utbetring av eksisterande veg og tilrettelegge for mjuke trafikantar.

#### Fakta

Planarbeidet omfattar fylkesveg 570 og tek utgangspunkt i Statens vegvesens handbok 017 (2013). For planarbeidet er det lagt til grunn utbetningsstandard med vegklasse U-Hø1 for 80 km/t skal nyttast påstrekninga. Vegklassen vert nytta ved utbetring av hovudveggar med fartsgrense på 80 km/t. Vegklassen legg til rette for ei samla vegbredde på 6,5 meter. Dette inneber kjørefelt på 2 x 2,75 m og vegskulder på 2 x 0,5m. For mjuke trafikantar vert det lagt til rette for einsidig utvida

skulder på 1,5 m. Denne vegklassen vert nytta der årstdøgntrafikken (ÅDT) er mindre enn 1 500.

Oppstart av planarbeid vart varsla med brev til grunneigarar og offentlege instansar datert 10.12.2013. Varsel om oppstart vart også kunngjort med annonse i avisa Strilen 12.12.2013 og på Masfjorden kommune si heimeside. Frist for merknader var sett til 31.01.2013.

Det har i samband med planarbeidet vore halde open kontordag på kommunehuset på Masfjordnes den 15.01.2013 der eit stort tal grunneigarar møtte fram. Her fekk dei sett planskisser over planlagd trase, og høve til å kommentera desse.

I brev til grunneigarane datert 03.06.2014 vart det invitert til synfaring den 18.06.2014 i samband med reguleringsplanen. Målet synfaringa var å vise alle interesserte grunneigarar den planlagde traseen og visa pårekna fyllings- og med skjeringsutslag på dei einskilde eigedomane som vart råka. Det vart på synfaringdagen vist til oppmøtestad med tidspunkt. Representantar frå planleggjar, Masfjorden kommune og Statens vegvesen var til stade på synfaringa. Det møtte opp mange grunneigarar, og drøftingane medførte at nye vegteikningar vart laga i ettertid.

Ved sørenden av Kvingedalsvatnet medfører vegutbetringa at det skal etablerast nytt kryss. Krysset vert heva i høve til dagens situasjon. Dette medfører at det også må etablerast ny bru over elva frå Kvingedalsvatnet langs Fv570 og den private vegen på gnr. 37 bnr. 9. Planforslaget medfører ikkje utfylling, innsnevring eller andre inngrep i elva.

Planframlegget medfører at eit eldre bustadhus frå slutten av 1800-talet må rivast, og to uthus og ei utløe.

Tiltaket er ikkje vurdert å koma i konflikt med viktige områder for biologisk mangfald, utvalte naturtypar eller andre viktige artsførekomstar i planområdet. Registreringar oppført i Norsk Rødliste 2010 er vurdert å ikkje bli påverka av planforslaget. Det vert vurdert at det ikkje er mangel på kunnskap som tilseier at føre-var-prinsippet skal nyttast.

Det vert vist til vedlagde planskildding og kart av 02.09.2014, for utfyllande og detaljerte opplysningar om planframlegget.

### **Høyring**

Planen går til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10. Det betyr at offentlege instansar og grunneigarar og naboar langs planområdet får brev om planframlegget, samstundes skjer det kunngjering i lokalavis og på kommunen si heimeside. Frist for merknader vert sett til 6. veker frå kunngjeringsdato. Etter høyringa vert alle merknader gått gjennom av administrasjonen og Statens Vegvesen, og planen vert deretter fremja til 2. gangs handsaming via formannskapet. Endeleg plan må godkjennast i kommunestyret.

### **Vurdering:**

Administrasjonen meiner det er eit godt gjennomarbeid planframlegg som no ligg føre, og i samsvar med dei føringane både kommunestyret og formannskapet har gjeve i samband med tidlegare drøftingar og oppstartsvedtak. Planføretaket har samarbeida tett med kommunen og med Statens Vegvesen sine folk, og drøftingane som er gjort med grunneigarar og naboar langs planområdet har vore grundige. Det er krevd arkeologiske registreringar på deler av planområdet, og det er viktig at dette vert gjort ferdig, slik at planen kan slutthandsamast tidleg 2015.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at framlegg til reguleringsplan vert sendt ut til offentleg ettersyn i medhald av

plan- og bygningslova sin § 12-10.

### **Formannskapet - 096/2014**

#### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

#### **Røysting:**

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Framlegg til områdeplan for Fv 570 Einestrand – Nordre Kvinge vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentleg ettersyn.**